HAREID
KOMMUNE

SLIK FÅR DU TAK I INFORMASJON NÅR MOBIL OG INTERNETT ER NEDE

(og andre gode eigenberedskapsråd)

العربية

Heng meg opp på innsida av kjøkenskapet!

INFORMASJONSPUNKT FOR HAREID KOMMUNE NÅR INTERNETT OG MOBILNETTET ER NEDE

Viss mobiltelefon og internett går ned, vil Hareid kommune opprette eit **informasjons-punkt** i **biblioteket på helsehuset**. Her vil vi dele informasjon frå overordna mynde og leverandørar om årsaka til bortfallet, korleis vi organiserer tenestene våre under bortfallet og korleis du bør handtere krisa.

Opningstider vil variere etter situasjon, men som minimum vil du finne plakatar på staden som informerer om opningstid, kva som har skjedd og når neste oppdatering vil vere.

Adresse: Kjøpmannsgata 16

TRENG DU KONTAKT MED NAUDTELEFON?

Når mobilnettet går ned, blir også naudtelefonane utilgjengelege. Dersom mobilnettet går ned, vil Hareid kommune så raskt som råd bemanne eit punkt som kan vidareformidle kontakt til naudetatane. Det vil også vere på helsehuset. Følg skilting på staden.

Prøv alltid å ringe naudtelefon, sjølv om telefonen viser inga dekning.

SLIK KOMMUNISERER DU UNDER EI KRISE

I alle kriser som råkar Hareid kommune, har vi som mål at du skal finne relevant og rett informasjon på **hareid.kommune.no**. Dersom du har tilgang til internett, er dette ein sikker kjelde til informasjon.

Informasjonspunkt: Dersom mobilnettet og internett fell ut, opprettar Hareid kommune eit informasjonspunkt på biblioteket i Helsehuset. Der kan innbyggjarane få viktig informasjon. Sjå baksida.

Ver kjeldekritisk: Ver ekstra varsam med informasjon som overraskar, skremmer eller gjer deg sint. Sjekk kven som står bak, og hugs at tekst, lyd, bilete og video kan manipulerast.

Redaktørstyrte medium: Redaktørstyrte, medium, som lokalavisa og NRK, jobbar under presseetiske normer som sikrar kjeldekritikk. Det gjer at dei er ei god kjelde til informasjon.

DAB-radio: Ha ein DAB-radio som går på batteri, solceller eller sveiv. Då kan du få viktig informasjon sjølv om internett og straum fell ut. NRK P1 er beredskapskanalen.

Del sikker informasjon med andre: Tenk over kva du deler vidare, og kontroller at informasjonen kjem frå ei truverdig kjelde før du deler

Beredskapsvener: Avtal med folk du kjenner kvar de kan møtast, og korleis de kan hjelpe kvarandre dersom internett og mobilnett fell ut.

Tale over wifi: Sjekk om telefonen støttar wifi-anrop, og korleis du slår på funksjonen. Avtal med familie og vener kva appar de kan bruke til samtalar og meldingar over internett.

Alternative operatørar: Dersom naboar eller andre, har ein annan internett- eller mobilleverandør, kan de avtale å dele nett med kvarandre om ein operatør går ned. Fleire og fleire får også satellittbreiband som dei kanskje vil dele i ei krise.

Sjekk straumbrotkartet til Linja

Sjekk feilmeldingar hos Telenor

Sjekk feilmeldingar hos Telia

Sjekk feilmeldingar hos Tussa

DETTE MÅ DU HA PÅ PLASS FØR KRISA KJEM

God eigenberedskap gjer at du kan ta vare på deg sjølv og dei rundt deg dersom straum, vatn, mobilnett eller andre viktige tenester fell ut. Når flest mogleg er førebudde på å klare seg sjølve i sju dagar, kan kommunen og naudetatane prioritere dei som treng mest hjelp.

Mat og vatn

- ☐ Reint drikkevatn lagra på dunkar eller flasker
- ☐ Mat som toler romtemperatur
- ☐ Grill, kokeapparat eller stormkjøken
- ☐ Ekstra gassbehaldar eller brennstoff
- ☐ Mat og vatn til kjæledyr
- ☐ Litt kontantar og fleire betalingskort

Informasjon

- ☐ DAB-radio som går på batteri, sveiv eller solceller
- ☐ Batteri og opplada batteribank.
- ☐ Liste på papir med viktige telefonnummer som til dømes naudnummer og nummera til legevakt, veterinær, familie, vennar og naboar

Varme og lys

- ☐ Varme klede og pledd, dyner eller soveposar
- ☐ Fyrstikker og stearinlys.
- ☐ Ved – dersom du har vedomn eller peis
- ☐ Gass- eller parafinomn som er berekna på bruk innandørs - hugs brensel!
- ☐ Avtale om overnatting
- ☐ Lommelykter eller hovudlykter som går på batteri, sveiv eller solceller

Legemiddel og hygiene

- ☐ Legemiddel og førstehjelpsutstyr
- ☐ Jodtablettar (gjeld barn og vaksne under 40 år, gravide og ammande)
- ☐ Hygieneartiklar i form av våtservietar, handsprit, bleier, toalettpapir, bind og tampongar

Alt du treng å vite om eigenberedskap finn du på

dsb.no/sikkerhverdag